



Det kom 25 til TI-aren på den første opningsdagen (Foto: Ola Matti Mathisen)

**TI-AREN Kafe vart opna i gamleskulen tysdag og rundt 25 gjester var innom. Det er både vertinnene og leiinga i Uskedalen Utvikling, som står bak tiltaket, fornøgd med. Men dei ser fram til enda større frammøte på tysdagane utover hausten. Opningstida er frå 11 til 15 og det er ein trio som har ansvaret kvar gong.**

Først ut var Selma Eik, Berit Helene Myklebust og Berit Harriet Døssland og på menyen sto Selma sine kjende melkekaker samt rundstykkjer. Neste trio kjem kanskje til å frista med vaflar. Både kaffe, kaker, rundstykkjer og juice kostar berre 10 kroner og her ligg grunnen til det originale og slåande namnet på kafeen.



Vertinnetrio klar til innsats: Selma Eik, Berit Helene Myklebust og Berit Harriet Døssland. (Foto: Ola Matti Mathisen)

I utgangspunktet er dette ein "eldrekafe", men den er sjølvstøtt og open for alle. I går var også dei yngre generasjonane representert.

Gåva i år på 25.000 kroner frå lokalbanken har gjort denne satsinga mogeleg. UU har så langt kjøpt inn kjøleskap, komfyr og anna nødvendig kjøkenutstyr medan borda er lånt frå Aktivitetshuset og stolane frå Helgheim.

- Dette er eit ypperleg tiltak og vi får håpa at det får ei lengre levetid enn då det vart freista med eldrekafe same staden for nokre år sidan, sa ein av gjestene.



Selma og Berit Harriet sel til Esther Mørstad og Randi Halleråker. (Foto: Ola Matti Mathisen)



Fristande pris – 10 kroner!

Ei av vertinnene, Berit Harriet, tykkjer at det er ein god ide at dei som kjem på kafeen tek med seg noko å hengja fingrane i – bokstaveleg tala. Ho tenkjer då på aktivitetar som strikking og hekling. – For meininga er jo ikkje at dei som kjem berre skal drikke kaffe i ein fei og så gå att. Dei skal jo bli ei stund og la pratn gå, seier ho.

Og så ønskjer ho og dei andre vertinnene at det etter kvart også blir menn å sjå i kafeen.

- Men det er nok minst like problematisk å lokka dei hit som det er å få dei med på line-dans, seier den ihuga dansaren Berit Harriet.

Til slutt berre eit lite sidesprang: Kanskje tida no er inne til å fjerna konditori-emblema på gamleskulen? Det er godt over eitt år sidan dei var aktuelle.....

Av Ola Matti Mathisen



Også dei unge var representert i kafeen på opningsdagen. Her er Hege Lekva med Tørres, Sigri og Harald. (Foto: Ola Matti Mathisen)